| I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling? | | | | 4,5 | 4,3 | 4,5 | 5,0 |
| Målt kvalitet | | Gjennomførte kompetansetiltak i høve overordna kompetanseplan | | 100% | 100% | 100 % | 100% |

Brukar- og medarbeidarundersøkingar har karakterskala frå 1 (dårlegast) til 6 (best).

2.7.4 Forslag til tiltak

Kommentarar og merknader i samband med framlegg til nye driftstiltak

Drift og vedlikehald av kommunale vegar

Budsjettramer er vidareført utan auke over mange år.

Kontrakt med entreprenør er indeksregulert og over 10 år utgjer dette 40 % auke i kostnader. Ved budsjett for 2010 ble i tillegg rame redusert med 10 %. Rekneskapen dei siste åra viser meirforbruk i forhold til budsjett. KOSTRA tal viser at Lom kommune har låge kostnader med drift og vedlikehald pr. km veg. Budsjettrame dekkjer ikkje lenger fast drift av vegnettet, prioritering av vedlikehald og uføresette hendingar er det dermed ikkje rom for. Dette er bakgrunn for framlegg til 50% auke i budsjettrame med kr 345 000,- pr. år i periode (budsjett bør regulerast etter indeks kvart år).

Standard på vinterdrift av vegar kan reduserast, dette har delvis vore prøvd. Med bratte vegar i bustadfelt skapar dette mange reaksjonar frå publikum, samt universelt tilgjenge blir dårlegare. Etter veglova kan kommunen omklassifisere delar av vegnettet til privat veg. Dette er mest aktuelt for enkelte grendevogar, slike prosessar skaper reaksjonar frå dei som blir råka med kostnader. Kommunen får prosessomkostningar og innsparingspotensialet er beskjedent.

Vedlikehald av bygg

Budsjettet har ikkje vore auka i takt med årleg kostnadsauke. Dette vanskeleggjer planlagt vedlikehald, og ein er avhengig av ekstraløyvingar gjennom året.

Vedlikehald av anlegg

Budsjettet har ikkje vore auka i takt med årleg kostnadsauke, og er av ein storleik som vanskeleggjer planlagt vedlikehald. I 2013 var kostnaden ved lukking av avvik etter el.-kontroll større enn løyvd budsjett.

Vikar Utgard

For drift av Utgard er ein avhengig av vikarmidlar til driftspersonell.

Arbeidsleiar i sysselsettingsgruppa

Sysselsettingsgruppa er eit viktig tilbod for dei som dett utanom arbeidsmarknaden, og er eit tilbod bla. til personar i språkpraksis. Gruppa utfører og mindre vedlikehaldsjobbar som det ikkje er ressursar til elles, og er au eit tilbod til eldre som treng hjelp til småjobbar som plenklypp/brøyting mm. 60% av løna til arbeidsleiaren blir dekt av NAV.

Landbruk

Stort behov for utviklings- og informasjonstiltak for landbruket i Lom. Stor avskaling i næringa treng tiltak for å fange opp yngre/potensielle nye gardbrukarar (t.d. eige nettsted) og nye samarbeidstiltak med andre næringar (t.d. nye formar for beitedrift som kombinerer opplevelsesturisme og tiltak mot rovdyrangrep). IPT prosjektet er basert på og avhengig av eigeninnsats i tillegg til prosjektleiar (40% stilling for Lom og Skjåk) for å vise resultat innan prosjektperiode på 2 år. Landbrukskontoret ligg også etter med andre oppgåver som oppdatering av informasjon om landbruket på heimesida (siste gjennomgang var før 2009), prosess for evaluering av retningslinjer for bruk av kommunale midlar til landbruket (siste gjennomgang 2007) og SMIL-midlar mm. Jordbrukssjefen er bunden til saksbehandleroppgåver, rapporteringar, henvendinger frå brukarar mm. Framlegg på 105.000 kr i lønsmidlar for å frigjøre jordbrukssjefen for arbeid med utviklings- og informasjonsoppgåver og tilsette landbruksrådgjevar i 3 månader for arbeid med saksbehandling mm.

Kollavegen restaureringstiltak

Kollavegen er med i verneplan for vegrelaterte kulturminne. Det er utarbeida plan for restaurering av veganlegget der behova er synleggjort. Norsk vegmuseum er innstilt på å gjeva årleg løyving til tiltak framover med kr 150 000,- pr. år. Kommunen må bidra med tilsvarende beløp. Norsk vegmuseum har opplyst at verneplan er under revisjon. Kulturminne som ikkje blir prioritert lokalt med midlar kan bli teke ut av verneplan ved revisjon.

2.8 Helse og velferd

2.8.1 Status og analyse (SWOT)

| Nåtid | Framtid |
|--|--|
| <p>Styrke</p> <ul style="list-style-type: none"> • Halde oppe fokus på folkehelseenkjinga i all planlegging og tenesteyting • Stabilt og kompetent personell • Tidleg intervensjon og godt tverrfagleg samarbeid <p>Kritiske forbettringsbehov (prioritert)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Finne løysing for Helsesenteret via utarbeidd forprosjekt i 2013 • Auke av knappe stillingsressursar på fagområder som helsesystemer/ legesekretær psykisk helsearbeid og Nav • Avsetja tid til fagleg oppdatering og internkursing | <p>Moglegheiter (prioritert)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Styrking av det førebyggjande og helsefremjande tverrfaglege samarbeid for barn, unge, gravide og vaksne • Vidareutvikle interkommunalt samarbeid • Styrke kompetanseutviklinga i regionen – auka bruk av undervisning/kursing via videokonferanseutstyret <p>Spesielle utfordringar (prioritert)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Oppfølging av samhandlingsreformen - både økonomisk/personellmessig og kompetansemessig. • Styrking av psykisk helsearbeid og rusomsorgen i kommunane i regionen • Stort behov for kommunepsykolog – regional stilling? |

2.8.2 Nøkkeltal

| | Lom | | | Skjåk 2012 | Vågå 2012 | Komm.- gruppe 2012 | Opp- land 2012 | Noreg u/Oslo 2012 |
|---|---------|-------|-------|---------------|--------------|--------------------------|----------------------|-------------------------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | | | | | |
| Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstenesta | 4 310 | 4 113 | 5 636 | 4 682 | 5 156 | 6 839 | 7 020 | 6 830 |
| Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-17 år | 2,0 | 4,5 | 4,2 | 3,7 | 4,4 | : | : | 4,8 |
| Brutto driftsutgifter per barn i opprinneleg familie | 114 000 | : | : | 47 286 | 11 296 | : | : | 31 626 |
| Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar 20-66 år | 1 638 | 918 | 818 | 3 613 | 1 724 | 1 839 | 2 263 | 2 721 |
| Andelen sosialhjelpsmottakarar 20-66 år, av innbyggjarar 20-66 år | 3,6 | 3,8 | 2,7 | 4,5 | 4,4 | : | : | 3,9 |
| Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesta | 3 041 | 3 765 | 4 578 | 3 950 | 3 331 | 2 887 | 2 452 | 2 094 |
| Legeårsverk pr 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetenesta | 12,3 | 12,4 | 14,4 | 17,6 | 14,2 | 12,1 | 11,1 | 9,9 |
| Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggjarar, komm.helsetenesta | 7,5 | 7,6 | 7,6 | 11,5 | 11,3 | 9,3 | 10,9 | 8,6 |

2.8.3 Målekart

| Fokus-område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg | Helse og velferd | | | |
|------------------------------|-----------------------|--|-----------|------------------|-----------|----------|----------|
| | | | res. 2012 | Mål 2012 | Res. 2012 | Mål 2013 | Mål 2014 |
| Brukarar barnevern | Opplevd kvalitet | Barnevernstenesta bidreg til at ditt barn får det betre | 4,2 | - | 4,6 | 4,8 | 4,8 |
| | | I kor stor grad opplever du at dei tilsette i barnevernstenesta behandlar deg med respekt? | 4,5 | - | 5,4 | 4,8 | 5,0 |
| | | Kor fornøyd er du med moglegheita for å få kontakt med barnevernstenesta (tlf./fysisk oppmøte/epost)? | 4,4 | - | | | |
| | | Barnevernstenesta tek omsyn til dine ynskjer og behov | 4,3 | - | 5,0 | 4,8 | 4,8 |
| | | Barnevernstenesta gjev meg nok informasjon | 4,1 | - | 5,6 | 4,8 | 5,0 |
| | | Barnevernstenesta tek deg på alvor | 4,3 | - | 5,5 | 4,8 | 5,0 |
| | | Alle lovpålagte fristar skal haldast | | - | 100% | | 100% |
| | | Alle saker har sluttrapport etter endt undersøking | | - | 100% | | 100% |
| | | Alle barn har ein aktiv tiltaksplan | | - | 100% | | 100% |
| | | Barne- og fam.verngruppa besøkje alle barnehagar og skular i året | | - | 3 (tre) | | 3(tre) |
| Brukarar psykisk helsearbeid | Opplevd kvalitet | I kor stor grad opplever du at tenesta bidreg til at du får eit meir aktivt liv | 3,6 | 3,1 | 3,8 | 3,7 | 3,8 |
| | | I kor stor grad opplever du at tenesta bidreg til auka tryggleik? | 3,5 | 3,5 | 3,8 | 3,6 | 3,8 |
| | | I kor stor grad behandlar dei tilsette deg med respekt? | 3,8 | 4,0 | 4,0 | 3,8 | 4,0 |
| Brukarar sosial | Opplevd kvalitet | På grunn av for få svar på brukarundersøkinga kan ikkje resultat gjerast offentleg | | | | | |
| Brukarar helsestasjon | | I kor stor grad føler du at du kan ta opp vanskelege tema med dei tilsette på helsestasjonen? | 4,8 | 4,2 | 4,6 | 4,3 | 4,6 |
| | | I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette møter deg og barnet ditt med vennlegheit og respekt? | 5,6 | 5,0 | 5,6 | 5,1 | 5,6 |
| | | Korleis opplever du moglegheita for å få kontakt med helsestasjonen (telefon, fysisk oppmøte, e-post o.l)? | 5,1 | 4,9 | 4,6 | 4,9 | 4,9 |
| Brukarar ergoterapi | Opplevd kvalitet | I kor stor grad tykkjer du at du har fått det betre med det du trengte hjelp til? | 5,0 | 5,0 | 4,7 | 4,4 | 5,0 |
| | | I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette behandlar deg med respekt? | 5,7 | 5,6 | 5,3 | 5,2 | 5,5 |
| | | I kor stor grad tykkjer du at ventetida for å få ergoterapi er akseptabel? | 4,7 | 4,8 | 4,5 | 4,5 | 4,7 |
| Brukarar fysioterapi | Opplevd kvalitet | I kor stor grad tykkjer du at du har fått det bedre med det du trengte hjelp til? | 5,0 | 4,8 | 4,7 | 4,8 | 4,9 |
| | | I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette behandlar deg med respekt? | 5,7 | 5,6 | 5,3 | 5,6 | 5,5 |
| | | I kor stor grad tykkjer du at ventetida for å få fysioterapi er akseptabel? | 4,7 | 5,0 | 4,3 | 5,0 | 4,7 |
| Medarbeidarar | Opplevd kvalitet | Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar? | 4,8 | 4,2 | 4,5 | 4,8 | 4,8 |
| | | Er du nøgd med standarden på arbeidslokala? | 4,0 | 3,8 | 4,2 | 4,0 | 4,0 |
| | | Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på ein god måte? | 4,9 | 4,8 | 5,1 | 4,9 | 4,9 |
| | | I kor stor grad har du høve til å arbeide sjølvstendig? | 5,2 | 5,1 | 5,4 | 5,2 | 5,2 |
| | Målt kvalitet | Sjukefråvær korttid | | <3,0% | <3% | <3% | <3,0% |
| | | Sjukefråvær langtid | | <5% | <5% | <5% | <5,0% |
| | | Svarprosent medarbeidarundesøking | | >80% | >80% | >70% | >80% |
| Læring og fornying | Opplevd kvalitet | I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt? | 4,6 | 4,4 | 4,5 | 4,8 | 4,8 |
| | | I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling? | 4,2 | 4,1 | 4,0 | 4,2 | 4,2 |

Brukar- og medarbeidarundersøkingar, karakterskala frå 1 (dårlegast) til 6 (best).

2.8.4 Forslag til tiltak

Kommentarar og merknader

Budsjett 2014 Lom Helsestasjon. Styrking av tenesta

Regjeringa sitt forslag i hovudprioriteringar i statsbudsjettet pkt. 2.4:

«Helsestasjons- og skolehelsetjenesten er en viktig forebyggende tjeneste for barn og unge opp til 20 år. Tjenestene skal bidra til å fremme barns psykiske helse, ernæring og fysisk aktivitet, forebygging og avdekking av vold og overgrep, forebygging av mobbing og redusert frafall i skolen. Tjenestene har høy oppslutning. I Regjeringens forslag om vekst i kommunenes frie inntekter er 180 mill. kroner knyttet til behovet for å styrke helsestasjons- og skolehelsetjenesten.»

Samhandlingsreformen gjev sterke føringar der *Førebyggjande helsearbeid skal prioriterast.*

Helsestasjon- og skulehelseteneste er lovpålagt kommunal oppgåve

Helsesysterressursen høgdast for å kunne imøtekome behov for primærforebyggjande tiltak og nye krav og forventningar i Samhandlingsreformen. Primærforebygging er også i tråd med satsing i Regional plan. Helsestasjonen er den arena som treffer så godt som alle barn og foreldre i førskulealder. Auka ressurs vil gje tenesta betre tid til brukarane for å imøtekome dei på ein god måte og ta i vare deira behov. Tidspress gjev eit dårlegare tenestetilbod.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta får stadig nye oppgåver utan at ressursen blir auka

Døme er:

- tidleg heimebesøk etter fødsel (for å kompensere for tidleg utskrivning frå barsel, samt sikre oppfylgjing av for tidleg fødte barn),
- Ammekyndig helsestasjon treng ekstra konsultasjon helst etter 4. – 5. dag og innan 7 – 10 dagar etter heimkomst for vekt og hovudomkrets, vekt- og høgdemåling med vidare oppfylgjing,
- EPDS (kartlegging for oppdage tidleg depresjon hjå mor i barseltida) treng ekstra konsultasjon og fyrstehandsoppfylgjing,
- psykisk helse barn og unge (fange opp tidleg og psykosomatisk oppfylgjing), spesialisthelsetenesta tek ikkje i mot anvisningar før alt er prøvd ut lokalt el. barn og unge må vente på time til spesialisthelsetenesta, dette krev auka oppfylgjing og ressursar lokalt.
- vekt og høgdemåling i 3. og 8. klasse med vidare oppfylgjing,
- HPV vaksine til 7. klasse jenter
- flyktninghelseteneste, auka arbeidsmengde innanfor eksisterande ressurs.
- samhandling med andre instansar, auka tverrfagleg samarbeid som gjev auka møteaktivitet og mindre direkte kontakt med barn og unge.

Tiltak frå 2014

- Tilbod til foreldre om svangerskapskurs saman med fysioterapeut og jordmor. Dette er eit godt primærforebyggjande tverrfagleg tiltak som er med på å styrke foreldrerolla til det beste for barnet. Foreldregruppe er viktig nettverkskapande tiltak.
- Styrke skulehelsetenesta med utvida treffetid på skulane for å fange opp og fylgje opp psykisk helse barn og unge.
- Tettare samarbeid med barnehagen ved å vere til stades saman med barna og personale, for å styrke tidleg innsats.

Lom, 21.10.13

Liv Marie Øyjordet

Leiande helsesyster

Innspel frå folkehelsekoordinator

Eg har i dag hatt møte i styringsgruppa for folkehelse. Gruppa ynskjer å kome med innspel angående tilsetning/ikkje tilsetning i stillinga som folkehelsekoordinator. Vi håpar dette kan takast med i budsjettvurderingane.

Stillinga er på 40%. Det vil såleis ikkje utgjere ei stor innsparing i budsjettet å kutte denne stillingsprosenten.

Stillinga er ein ressurs innan helsefremjande og førebyggjande arbeid. Førebyggjande arbeid vil gi innsparingar på sikt!

- Folkehelselova seier at kommunen *skal* ha naudsynt oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i kommunen, identifisere sine særskilde utfordringar og setje i verk eigna tiltak. Mange oppgåver som folkehelsekoordinator har, må derfor bli ivareteke av andre i kommunen.
- Folkehelsekoordinatoren er leiar i styringsgruppa for folkehelse. Dermed vil også denne oppløysast om stillinga ikkje vidareførast. Styringsgruppa representerer ulike sektorar i kommunen; politisk, friviljug, helse, MTN og skule. Deltakarane har eit ekstra fokus på folkehelse, som dei har med seg inn i si tenest/sin sektor. Styringsgruppa er såleis ein stor pådrivar for folkehelse. Det er under utarbeiding ein handlingsplan for folkehelse, laga spesielt for folkehelsekoordinator og styringsgruppa – det er desse som står som ansvarlege for dei ulike tiltaka. Tiltaka er sett i samanheng med Lom kommune sine spesielle utfordringar, jfr folkehelselova.
- Folkehelsekoordinator har fått ansvar for rullering av kommunal plan for idretts- og friluftslivanlegg. Dette burde vore gjort innan utgangen av 2013, og er ei høgt prioritert oppgåve for ein ny folkehelsekoordinator i 2014. Ein plan som ikkje er rullert vil ha innverknad på moglegheiter til å søke om spelemidlar, da prosjekt/anlegg som ein søker om tilskot til *skal* inngå i ein vedteken kommunal plan.
- Ved eit eventuelt interkommunalt samarbeid med Skjåk vil ei slik stilling kunne fungere mykje meir effektivt, jfr tidlegare tilsende referat frå gruppa.
- Ein konsekvens av å kutte slike stillingar, kan også vera at ein da sender signal utad om at folkehelse ikkje er noko vi prioriterer i Lom kommune.

Gruppa si meining er derfor at det er sær uheldig å fjerne ei slik stilling som står i ein så god posisjon for å arbeide førebyggjande i alle sektorar i kommunen.

Styringsgruppa for folkehelse
v/ Anne Marstein

Drift 2014 – 2017 (over 100 000 kroner eks. mva)

| Tiltak | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---------|------|------|------|
| Styrking av skulehelse/helsestasjon - jfr. føringar i statsbudsjettet | 100 000 | | | |

2.9 Institusjonsbasert omsorg

2.9.1 Status og analyse (SWOT)

| Nåtid | Framtid |
|---|---|
| <u>Styrke</u> <ul style="list-style-type: none"> Høgt nærvær God prosess i høve til dokumentasjon og innarbeiding av rutinar SAMAKS | <u>Moglegheiter (prioritert)</u> <ul style="list-style-type: none"> Funksjonsinndeling Individuell tiltaksplan for pasientane Miljøbehandling demens; musikkterapi jf. bebruarundersøkinga 2012. |
| <u>Kritiske forbettringsbehov (prioritert)</u> <ul style="list-style-type: none"> Strukturere arbeidstid slik at ein kan fastlegge møtetid i turnus Behov for avdelingsleiarar i 100% stilling x4 (inkl. kjøken) Kompetansebehov; geriatri og demens | <u>Spesielle utfordringar (prioritert)</u> <ul style="list-style-type: none"> Auke i talet på eldre med demenssjukdom og komorbiditet Låg grunnbemanning; behov for styrking Vedlikehald av kompetansenivå og behaldning |

2.9.2 Nøkkeltal

| | Lom | | | Skjåk 2012 | Vågå 2012 | Komm- gruppe 2012 | Oppland 2012 | Noreg u/Oslo 2012 |
|---|---------|---------|----------------|---------------|--------------|-------------------------|-----------------|-------------------------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | | | | | |
| Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygg. 80+ år | 301 935 | 341 510 | 349 032 | 347 362 | 321 166 | 318 134 | 323 735 | 339 698 |
| Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygg. 67+ år | 113 043 | 122 944 | 125 294 | 115 272 | 118 702 | 111 973 | 108 651 | 111 064 |
| Andel beboere 80 år og over i institusjonar | 81,4 % | 81,6 % | 72,2 % | 92,5 % | 80,4 % | 76,8 | 74,6 | 71,6 |
| Andel innbyggere 80 år og over som er bebuarar på institusjon | 22,6 % | 20,3 % | 16,9 % | 24,8 % | 17,0 % | 15,4 | 13,4 | 13,8 |
| Korr. brutto driftsutgifter, institusjon, pr. komm. plass | 775 854 | 849 024 | 881 073 | 1 017 297 | 790 517 | 921 681 | 985 380 | 959 213 |

2.9.3 Målekart

| Fokus- område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Institusjonsbasert omsorg | | | | |
|----------------------|--------------------------|---|---------------------------|-------------|--------------|-------------|-------------|
| | | | Noreg res. 2012 | Mål 2012 | Res. 2012 | Mål 2013 | Mål 2014 |
| Brukarar kvalitet | Opplevd | Eg får legehjelp når eg treng det | 5,2 | *) | 5,8 | *) | 5,8 |
| | | Eg får smertelindring ved behov | 5,6 | *) | 6,0 | *) | 6,0 |
| | | Eg trivst saman med dei tilsette | 5,6 | *) | 5,9 | *) | 5,9 |
| | | Eg får stå opp når eg vil | 5,3 | *) | 5,9 | *) | 5,9 |
| | | Mi verdigheit blir i vareteke | 5,5 | *) | 5,8 | *) | 5,8 |
| | | Eg er fornøgd med kultur/underhaldningstilbodet | 4,5 | *) | 4,6 | *) | 4,6 |
| | | Eg har moglegheit til å koma ut i frisk luft | 4,8 | *) | 5,2 | *) | 5,2 |

*) Endra brukeraundersøking.

| Fokus-område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg | Institusjonsbasert omsorg | | | |
|--------------------|-----------------------|--|-----------|---------------------------|-----------|----------|----------|
| | | | res. 2012 | Mål 2012 | Res. 2012 | Mål 2013 | Mål 2014 |
| Brukarar | Målt kvalitet | Alle langtidspasientar skal ha tilbod om årssjekk i løpet av fyrste buår *) | | | | | 100% |
| | | Innkomstprosedyre skal fylgjast ved alle innleggingar i institusjon | | | | | 100% |
| | | Alle pasientar skal ved innkost gjennomgå fallscreening og ernæringscreening *) | | | | | 100% |
| | | Alle pasientar skal ha oppdatert tiltaksplan og motta hjelp i høve gjeldande plan *) | | | | | 100% |
| | | All bruk av tvang skal vera i samsvar med vedtak *) | | | | | 100% |
| | | Medisinavvik *) | | | | | 0% |
| | | Alle avvik skal meldast *) | | | | | 100% |
| | | IPLoS-vurdering, hovudkort, tiltaksplan og samandrag skal oppdaterast ved innkost, før ny vedtaksfatting og kvar 6 mnd. *) | | | | | 100% |
| | | Pasientar med tiltaksplan *) | | | | | 100% |
| Ressursstyring | Prioritering | Plassar i institusjon i prosent av mottakarar av pleie- og omsorgstenester | | | 26,2 % | | 22,5% |
| | | Legetimar pr.veke pr. pasient i sjukeheim | | | 0,58 | 0,34 | 0,58 |
| Medarbeidarar | Opplevd kvalitet | Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar? | 4,8 | 4,5 | 3,1 | 4,0 | 4,0 |
| | | Er du nøgd med standarden på arbeidslokala? | 3,9 | 4,7 | 4,1 | 4,7 | 4,1 |
| | | Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte? | 4,8 | 4,6 | 5,0 | 4,8 | 5,0 |
| | | Har du høve til å arbeide sjølvstendig? | 5,2 | 4,9 | 5,1 | 4,9 | 5,1 |
| | | I kva grad trivst du saman med kollegane dine? | | 5,2 | 5,4 | 5,2 | 5,4 |
| | Målt kvalitet | Alle nyttilsette skal igjennom introduksjon for nyttilsette *) | | | | | 100% |
| | | Tilsette skal deltaka på intern kompetanseheving når dette er lagt til rette for *) | | | | | 80% |
| | | Tilsette skal deltaka i pålagt undervisning *) | | | | | 100% |
| | | Andel tilsette som har gjennomført årleg rep. av Pbri kap. 4A *) | | | | | 100% |
| | | Andel medarbeidarar med gjennomført medarbeidarsamtale | | | | 100% | 100% |
| Læring og fornying | Opplevd kvalitet | Andel tilsette som er fagutdanna | | | | | 100% |
| | | Sjukefråvær korttid | | <3,5% | 2,8 % | <3,5% | 3,5% |
| | | Sjukefråvær Langtid | | <6,0% | 8,5 % | <6,0% | 6,0% |
| | | Svarprosent medarbeidarundersøking | | 70 % | 29% | 50% | 50% |
| | | Har du naudsynt kompetanse til å utføre dine arbeidsoppgåver? | 4,9 | | | | 5,0 |
| | | I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt? | 4,9 | 4,4 | 4,5 | 4,3 | 4,5 |
| | | I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling? | 4,2 | 4,5 | 3,9 | 4,0 | 4,5 |

*) Ny indikator frå 2014.

2.9.4 Forslag til tiltak

Budsjett for ferievikar på institusjon har dei siste åra vore for lite. På grunn av for lite fagutdanna vikarar har det i tillegg vore kjøpt tenester frå vikarbyrå.

Drift 2014 – 2017 (over 100 000 kroner).

| Tiltak | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---------|---------|---------|---------|
| Ferievikar institusjon, og kjøp av ekstern arbeidskraft. | 300 000 | 300 000 | 300 000 | 300 000 |
| Auka forbruk av medisin og medisinske forbruksvarer, sjå notat på art 1110 i budsjettversjon 700. | 150 000 | 150 000 | 150 000 | 150 000 |
| Auka stillingar som avdelingsleiarar | | | | |

2.10 Heimebasert omsorg

2.10.1 Status og analyse (SWOT)

| Nåtid | Framtid |
|--|--|
| <u>Styrke</u> <ul style="list-style-type: none"> • God basiskompetanse • Stabile personalgrupper • Tilbod om kompetanseheving som e-læring | <u>Moglegheiter (prioritert)</u> <ul style="list-style-type: none"> • Elektronisk samhandling, telemedisin • Omsorgsteknologi • Kompetanseheving gjennom UHT |
| <u>Kritiske forbetningsbehov (prioritert)</u> <ul style="list-style-type: none"> • Tilbod om omsorgsbustader med heildøgns omsorg • Auke i dagtilbod til heimebuande demente • Rekrutteringstiltak nye tilsette / vikarar | <u>Spesielle utfordringar (prioritert)</u> <ul style="list-style-type: none"> • Styrke heimetenesta i høve dreining av pleie- og omsorgstenestene frå institusjonsbasert. • Tileigne spesialkompetanse for fagarbeidarar og høgszkuleutdanna → vidareutdanning. • Auke i tal på demente / livsstilssjukdomar og brukarar med stort bistandsbehov. |

2.10.2 Nøkkeltal

| | Lom | | | Skjåk 2012 | Vågå 2012 | Komm- gruppe 2012 | Oppland 2012 | Noreg u/Oslo 2012 |
|---|---------|---------|----------------|---------------|--------------|-------------------------|-----------------|-------------------------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | | | | | |
| Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbyggjar 80+ år | 301 935 | 341 510 | 349 032 | 347 362 | 321 166 | 318 134 | 323 735 | 339 698 |
| Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbyggjar 67+ år | 113 043 | 122 944 | 125 294 | 115 272 | 118 702 | 111 973 | 108 651 | 111 064 |
| Mottakarar av heimetenester, pr. 1000 innb. 0-66 år | 19 | 19 | 18 | 13 | 36 | 24 | 23 | 20 |
| Mottakarar av heimetenester, pr. 1000 innbyggjar 67-79 år | 116 | 110 | 105 | 130 | 111 | 91 | 83 | 74 |
| Mottakarar av heimetenester, pr. 1000 innbyggjar 80+ år | 374 | 366 | 357 | 369 | 370 | 369 | 340 | 341 |
| Korrigerte brutto driftsutg pr. mottakar av heimetenester | 152 392 | 175 935 | 187 500 | 176 288 | 147 883 | 193 620 | 206 140 | 213 814 |
| Gjennomsnittlig tal på tildelte timar pr veke, praktisk bistand | 8,5 | 8,6 | 7,7 | 3,6 | 7,9 | 6,8 | 8,0 | 7,8 |
| Gjennomsnittlig tal på tildelte timar pr veke, heimesjukepleie | 1,1 | 2,0 | 2,0 | 3,7 | 2,6 | 4,3 | 3,9 | 4,7 |

2.10.3 Målekart

| Fokus- område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg | Lom heimebasert omsorg | | | |
|------------------|--------------------------|---|--------------|------------------------|--------------|-------------|-------------|
| | | | res. 2012 | Mål 2012 | Res. 2012 | Mål 2013 | Mål 2014 |
| Brukarar | Opplevd kvalitet | I kor stor grad opplever du at tenesta gjev deg ein betre kvardag slik at du kan bu heime? | 5,3 | 3,6 | 5,5 | 3,6 | 5,3 |
| | | Dei tilsette veit kva dei skal gjere når dei kjem heim til meg | 5,4 | | 5,5 | | 6,0 |
| | | Eg veit kva som står i vedtaket mitt | 4,7 | | 5,2 | | 5,7 |
| Målt kvalitet | | Andel brukarar og event. pårørande til brukarar med funksjonshemming med ansvarsgruppemøte min. 1 gong pr år. | | 100% | 100% | | 100% |
| | | Saksbehandlingstid | | 7dg | 12dg | 10dg | 21dg |

| Fokus-område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg | Lom heimebasert omsorg | | | |
|--------------------|-----------------------|---|-----------|------------------------|-----------|----------|----------|
| | | | res. 2012 | Mål 2012 | Res. 2012 | Mål 2013 | Mål 2014 |
| Brukarar | Målt kvalitet | Iplos-vurdering, hovudkort, tiltaksplan og samandrag skal oppdaterast ved innkøst, før nytt vedtak og elles kvar 6. mnd. *) | | | | 100% | |
| | | All bruk av tvang skal vera i samsvar med vedtak *) | | | | 100% | |
| | | Alle pasientar skal ha oppdatert tiltaksplan og motta hjelp i høve gjeldande plan *) | | | | 100% | |
| | | Medisinavvik *) | | | | 0% | |
| | | Alle avvik skal meldast *) | | | | 100% | |
| Ressursstyring | Prioritering | Tenester til heimebuande sin andel av netto driftsutgifter til pleie og omsorg | 48,5% | 42,0% | 38,1% | 45% | |
| Medarbeidarar | Opplevd kvalitet | Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar? | 4,8 | 4,7 | 4,3 | 4,7 | 4,8 |
| | | Er du nøgd med standarden på arbeidslokala? | 3,9 | 3,9 | 3,4 | 3,6 | 3,9 |
| | | Løyer dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte? | 4,8 | 5,0 | 5,2 | 5,0 | 5,2 |
| | | Har du høve til å arbeide sjølvstendig? | 5,2 | 5,2 | 5,4 | 5,0 ? | 5,4 |
| | | I kva grad trivst du saman med kollegane dine? | | 5,2 | 5,5 | 5,3 | 5,5 |
| | | Har du naudsynt kompetanse til å utføre dine arbeidsoppgåver | 4,9 | | 5,0 | | 5,0 |
| | | Er det lagt til rette for at du kan melde ifrå om kritikkverdige tilhøve på din arbeidsplass | 4,8 | | 5,3 | | 5,3 |
| | Målt kvalitet | Andel tilsette i brukargruppe med vedtak etter Hotjl kap 9 som er oppdatert på dette *) | | | | | 100% |
| | | Andel tilsette som er fagutdanna *) | | | | | 85% |
| | | Alle nyttilsette skal igjennom introduksjon for nyttilsette *) | | | | | 100% |
| | | Tilsette skal deltaka på intern kompetanseheving når det er lagt til rette for det *) | | | | | 80% |
| | | Tilsette skal deltaka i pålagt undervisning *) | | | | | 100% |
| | | Andel medarbeidarar med gjennomført medarbeidarsamtale | | 100% | 70 % | 100 % | 100% |
| Læring og fornying | Opplevd kvalitet | Sjukefråvær korttid | | <2,5% | 2,9 % | <2,5% | 2,5% |
| | | Sjukefråvær langtid | | <5,0% | 8,5 % | <5,0% | 5,0% |
| | | Svarprosent medarbeidarundersøking | | 70% | 71 % | 75 % | 75% |
| | | I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt? | 4,6 | 4,4 | 4,6 | 4,4 | 4,6 |
| | | I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling? | 4,2 | 4,5 | 4,3 | 4,0 | 4,3 |

*) Ny indikator frå 2014.

Brukarundersøking, karakterskala frå 1 (dårlegast) til 4 (best).

Medarbeidarundersøking, karakterskala frå 1 (dårlegast) til 6 (best).

2.10.4 Forslag til tiltak

Drift 2014 – 2017 (over 100 000 kroner).

| Tiltak | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|--|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Dagtilbod demens, 2 x 20% stilling | 230 000 | 230 000 | 230 000 | 230 000 |
| Auke i stillingar i heimesjukepleia seinvakt 365 dg/år | 1 034 000 | 1 034 000 | 1 034 000 | 1 034 000 |
| Auke i stilling dagvakt helg | 287 000 | 287 000 | 287 000 | 287 000 |
| To el-bilar til heimebasert/heimehjelp | | | | |
| Auka ressursar, jfr enkeltvedtak | 250 000 | 250 000 | 250 000 | 250 000 |
| Auka ressursar nye brukarar av miljøarbeidartenesta, jfr enkeltvedtak. | | | | |

Del 3 Politisk behandling

3.1 Budsjettprosessen

Formannskapet har fungert som budsjettutval.

3.2 Målsetting med budsjettarbeidet

- Oppretthalde nødvendig tenestetilbod.
- Prioritering av lovpålagde oppgaver.
- Imøtekoma målsettingar i overordna planer og vedtak.
- Netto driftsresultat på minimum 3 %.

3.3 Føresetnader for budsjettet

- Årslønsvekst: 3,8 % auke (Prognose SSB).
- Ordinære pensjonskostnader KLP: 20,0 %
- Ordinære pensjonskostnader STP: 12,25 %.
- Kostnader til AFP: Kr 1 202 000.
- Arbeidsgjevaravgift: 6,4 %.
- KS prognosemodell vert nytta til vurdering av frie inntekter (skatt og rammetilskot).
- Innskotsrente i samsvar med gjeldande rente oktober 2013.
- Lånerente i samsvar med gjeldande rente oktober 2013, ev med tillegg av rentereserve.
- Avdrag basert på nedbetalingsplan frå långevar med årleg reduksjon på kr 2 450 000.
- Utbytte frå AS Eidefoss: kr 6 600 000.
- Bruk av konsesjonskraftinntektene til driftsføremål kr 7 400 000. (Det forelegg ikkje avtale for 2014).
- Vidareføring av opphavleg budsjett 2013, med justering av vedtekne endringar.
- Middel til lønsjustering.

3.4 Behandling i budsjettutvalet

Budsjettarbeidet starta med orientering frå administrasjonen. I tillegg vart det orientert om utviklinga innan barnetal med meir for barnehagane i Lom.

Barnehagen

Det er variabelt barnetal i dei ulike årgangar i komande år som gjer opptak og tilrettelegging av tilbod utfordrande og variabelt. M.a. har det kome signal frå føresette til aktuelle barn i barnehagen i Bøverdalen. Det er signal på få søkjarar i Bøverdalen og det er drøfta med foreldre i kva grad det er aktuelt at ungane startar og går i Loar barnehage, noko det har kome positive signal på. Orientering om dette til formannskapet blir gjort i forståing med føresette som ynskjer så rask avklaring som råd. Ved eventuell overføring av ungane i Bøverdalen til Loar eller Garmo vil det ikkje, ut i frå kapasiteten i dag, vere plass til desse. Endeleg oversikt over søking veit ein ikkje før i slutten av februar. Det er lovpålagt å tilby barnehageplass.

Status budsjett

Med ei negativ budsjettbalanse blir budsjettarbeidet utfordrande. Auke i personalkostnader inkl. pensjon utgjer i overkant av 9,0 millionar kroner. Overføringane frå staten representerer omlag 3,0 millionar kroner. Det vart starta med ei underbalanse mellom 8 og 9 millionar kroner.

Budsjettutvalet vurderte og ny utforming og inndeling av budsjettdokumentet som vart presentert, noko utvalet slutta seg til.

Budsjettutvalet vurderte tiltak innan helse / pleie og omsorg med dreieing av tilbod for å møte noko av underbalansa i budsjettet. Saksutvalet for samhandlingsreforma har vurdert dette.

3.4.1 Kraftinneker og signal om utbytte frå Eidefoss

Kongen i Statsråd har gjeve konsesjon på utbygging av Smådøla.

Etter avtale med Eidefoss AS vil Lom kommune få ei årleg inntekt på ca 1 mill kroner.(+/- avhengig av kraftpris). Inntektene vil Lom kommune få frå 2015. Ein vil og få eigedomsskatt av det nye kraftanlegget på ca kr 500 000. Ein kan rekne inntekt av eigedomsskatten frå 2015.

| 2013 | 2014 | 2015 |
|--|--|---|
| "Inntektsåret" | "Ligningsåret" | "Eiendomsskatteåret" |
| Anleggsarbeidet starter opp i 2013. | Alle investeringer foretatt i løpet av 2013 kommer med i ligningen selskapet leverer i 2014 for inntektsåret 2013. | Eiendomsskattegrunnlaget for 2015 er utarbeidet på grunnlag av ligningen levert i 2014 for inntektsåret 2013. |
| Forutsatt at Smådøla utbyggingen ble påbegynt i 2013, vil dere for første gang kunne eiendomsbeskatte Smådøla fra skatteåret 2015. Det er ligningsmyndighetene som verdsetter kraftanlegg. Følgelig skal dere i løpet av oktober 2014 motta skattegrunnlag for 2015. | | |

Forvaltning av konsesjonskraft

Konsesjonskrafta er seld gjennom forvaltningsavtale. Konsesjonskraftmengda blir gradvis sikra i løpet av året. Ein veit da ikkje endeleg pris før året er omme.

Utbytte frå Eidefoss AS

Det er signal om at utbytte frå Eidefoss AS vil bli på 6,6 millionar kroner.

3.4.2 Vurdering av stillingar

Budsjettutvalet har gått gjennom ledige stillingar på bakgrunn av notat frå administrasjonen. Med den negative balansen ein har, er det viktig å ikkje gjera tilsetningar i andre stillingar enn det som er naudsynt for å sikre liv og helse.

Moglege innsparingar ved å ikkje tilsette i ledige stillingar:

- Støttefunksjonen: Stipulert innsparing om lag kr 100.000
- Helse og velferd: Stipulert innsparing kr 190.000
- MTN: Stipulert innsparing om lag kr 1.322.000
- Pleie og omsorg: Stipulert innsparing om lag kr 850.000
- Lom ungdomsskule: Stipulert innsparing om lag kr 200.000

Totalt er dette vurdert til kr 2,6 mill.

Formannskapet gjekk gjennom og vurderte situasjonen. Ledig stilling i Støttefunksjonen er innan AKNG. Denne eininga skal samordnast med Skatteoppkrevjarkontoret for Ottadalen. Av denne grunn kan det bli rom for effektivisering, slik at ein vel å redusere med ei stilling, som vil gje ei innsparing på ca kr 100 000 på kvar kommune.

Det vart elles lagt vekt på betydinga av å ha sysselsettingsgruppa, av den grunn at GIAX AS, avdeling Lom blir lagt ned frå nyttår.

Toalettanlegget blir sett som eit viktig servicebidrag med tanke på at Lom som turistknutepunkt.

3.4.3 Kommunerevisjonen

Det er vurdert ein mogleg reduksjon i budsjettet til Nord-Gudbrandsdal kommunerevisjon tilsvarende 10%. Dette er grunngjeve med at det er gjort pensjonsutgiftsavsetning som er høgare enn det som elles er vanleg i kommunane. Innsparinga blir vurdert til ca kr 70.000.

3.4.4 Regiondata

Budsjettet til Regiondata vart drøfta. Dagleg leiar for Regiondata var innom budsjettutvalet og orienterte om drifta der, og dei framtidige planane. Det er planar om å investere i e-handelsplattform, med implementering i 2014. Dette er eit prosjekt som vil gje innsparingar med tanke på at ein blir knytt elektronisk til leverandørane sin produktkatalogar og får elektronisk behandling frå bestilling til betaling av faktura.

Budsjettutvalet presiserte at gevinstrealisering er viktig, og at det skal bli sett fokus på dette ved implementering av nye system.

3.4.5 Legevakt

Det er betydeleg auke i legevaktutgifter. Årsaken til dette ligg i nytt nødnett som vi må knyte oss til.

Budsjettutvalet bad administrasjonssjefen kontakte regionssjefen for å be om nærare orientering om budsjettsituasjonen i Regiondata og NGLMS i eit regionalpolitisk fora så snart som mogleg.

3.4.6 Kyrkjeleg fellelråd, Lom friviljugsentral m.fl.

Administrasjonen la fram søknader frå desse til budsjettet for 2014. Søknadene er overleverte Budsjettutvalet. I tillegg er disse innspela kome inn:

- Møtebok frå Kyrkjeleg Fellelråd den 28 september med budsjettframlegg med søknad om tilskot for budsjett 2014 og økonomiplanperioda (i tillegg vart det orientert om munnleg presisering og oppdatert informasjon).
- Innspel frå leiande helsesystem dagsett 21.10.2013
- Innspel frå styringsgruppa for folkehelse

3.4.7 VTA-overføring

Overføring frå kommunen til GIAX vedr VTA-plassar (Varig tilrettelagt Arbeid) er nullstilt i budsjettframlegget. Ordførar viste til at desse utgiftene nok kjem på andre postar i kommunen.

3.4.8 Bruk av fond

Det er ynskje om å avgrense bruk av disposisjonsfond på same nivå som i fjor. Utvalet vil at det skal kartleggjast bruk av eventuelle andre fondsavsetningar til endeleg saldering, som til dømes fond til variasjon i pensjonsutgifter. Administrasjonen viste til nåverande status i høve fondsavsetningar til pensjon (ulike fond) og AFP-avsetningar. Det blir vurdert som aktuelt å nytte av desse til saldering av budsjett 2014.

3.4.9 Utgard

Innhald i driftsbudsjettet for Utgard bygger på politisk sak frå vedtak om bygging. Denne saka er utgangspunkt for budsjettet. I tillegg er det lagt inn arrangementsutgifter på kr 630.000 for å vera i stand til å få til arrangement. Det er lagt inn finansiering av dette på kr 625.000 til dette frå næringsfondet.

3.4.10 Rentenivå

Det er signalisert auke i Husbanken sine renter med 0,75 % etter forslag frå den nye regjeringa. Lom kommune har fastrentelån, slik at vi ikkje vil bli råka av denne endringa for 2014.

3.4.11 Utgifter til politisk verksemd

Administrasjonjen har presentert utvikling i og status for utgifter til politisk verksemd jfr bestilling frå formannskapet.

Ei vidareføring av saksutval for samhandlingsreforma og administrativ tilrettelegging for dette vart drøfta. Det vart og vurdert om det skal fram eigen sak for løyving til dette. Løyvinga ligg inne i budsjettframlegget slik det ligg føre nå. Det vart konkludert med at dette skal vidareførast inntil noko anna blir bestemt.

3.4.12 Vurdering av tiltak

Budsjettutvalet har vurdert KOSTRA – tal, og ut frå dei, vurdert prioritering av innsparingar. Utvalet for samhandlingsreforma har vurdert strategiske endringar innan helse og omsorg. Ein ser betydelege innsparingstiltak innan dette området. Budsjettutvalet meiner at det er på dette området ein har det største innsparingspotensialet.

Rammereduksjon og fordeling av desse er gjort med utgangspunkt i oversikt over ledige stillingar som formannskapet har fått. Formannskapet understrekar at det ikkje nødvendigvis er desse stillingane som skal råkast av endra rammer.

Det blir lagt vekt på å ha gode prosessar ved så store endringar som det blir lagt opp til i dette tilfellet. Det er ikkje å tilrå at alle innsparingane blir teke i budsjettprosessen. Ein vel derfor å løyse dette ved midlertidig å nytte bl.a. fondsmiddel.

Pensjonsfond

Noko av underbalansen for 2014 ligg i betydeleg auke i pensjonsutgifter. Frå tidlegare har kommunen avsett fond til å dekke svingingar i pensjonsutgifter og AFP – utgifter. Det blir lagt opp til å nytte inntil kr 2 750 000 av dette.

Avdrag på lån

Kommunen har elles ei raskare nedbetaling av lån enn det som er minimumskrava etter regelverket. Etter rekneskapen for 2012 hadde kommunen ei nedbetaling som var 2,9 millionar kroner over kravet. Budsjettutvalet ynskjer avtaler der avdragstid på lån blir forlenga med ei årleg effekt på driftsbudsjettet på kr 2 450 000.

Pleie- og omsorg

Da det er på dette området ein ser dei største innsparingane, cirka 9 millionar kroner vel ein å gå på direkte innsparing på 3 millionar kroner for 2013, og 6 millionar kroner i tillegg for dei andre åra i økonomiplanperioden.

MTN

For MTN legg ein opp til ei innsparing på 1 million kroner for 2013.

Lom ungdomsskule

Lom ungdomsskule får ein reduksjon i sine rammer på 200 000 kroner.

Støttefunksjonen

Støttefunksjonen får ein reduksjon på 100 000 kroner.

Disposisjonsfondet

Anna nødvendig saldering av budsjettet med inntil 43 000 kroner.

3.5 Innstilling frå budsjettutvalet

3.5.1 Innsparingar

Budsjettutvalet innstiller på disse innsparingane:

| | |
|----------------------|--|
| Støttefunksjonen: | 100 000 kroner. |
| Lom ungdomsskule: | 200 000 kroner. |
| MTN: | 1 000 000 kroner. |
| Pleie- og omsorg: | 3 000 000 kroner for 2014 og ytterlegare 6 000 000 kroner 2015-2017. |
| Pensjonsfond: | 2 437 000 kroner til saldering av budsjettet. |
| Auke avdragstid lån: | 2 450 000 kroner. Dette føreset avtale med bankane. |

Tiltak som skal vurderast første halvår 2014

Det vart vist til bestillinga frå saksutvalet for samhandlingsreformen som blir forutsett gjennomført i første halvår 2014.

Bestillinga er slik:

Saksutvalet drøfta innspel frå PLO sett opp mot budsjettarbeidet 2014 og gjeldande Omsorgsplan 2011-2020.

